

Nr. 3 - juni 2020

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune.



Ei litt annleis 17.mai-feiring 2020

Gudstenester

Me er glade for å ha opna kyrkjene att, og ynskjer alle velkommen til gudstenestene framover.

7. juni

Solheim kyrkje kl.11:00
v/Harald Sundsbø

14. juni

Frøyset kyrkje kl. 11:00
v/Harald Sundsbø

28 .juni

Sandnes kyrkje kl. 11:00
v/Kristine Myrene Bleikli

19. juli

Frøyset kyrkje kl. 11:00
v/Kristine Myrene Bleikli

2. august

Solheim kyrkje kl. 11:00
v/Kristine Myrene Bleikli

9. august

Frøyset kyrkje kl. 11:00
v/Kristine Myrene Bleikli

22. august

Konfirmant presentasjon
Frøyset kyrkje kl. 12:00
Solheim kyrkje kl. 15:00
Sandnes kyrkje kl. 17:30
v/Kristine Myrene Bleikli

23. august

Friluftsgudsteneste i Stordalen kl. 15:15
i forbindelse med Bjørn West marsjen
v/Geir Øy

6. september

Konfirmasjonsgudsteneste
Sandnes kyrkje kl. 11:00
v/Harald Sundsbø og Helga Ekehaug

13. september

Konfirmasjonsgudsteneste
Frøyset kyrkje kl. 11:00
v/Harald Sundsbø og Helga Ekehaug

20. september

Konfirmasjonsgudsteneste
Solheim kyrkje kl. 11:00
v/Harald Sundsbø og Helga Ekehaug

20. september

Granneheimen kl. 17:00
v/Harald Sundsbø

Velkommen til kyrkja!

Hugs korona reglane: Hald avstand, vask hendene og bli heime om du er sjuk.

I samsvar med Covid-19-forskrifta §13 fører me liste med namn på dei som er tilstade. Dette vert registrert ved oppmøte. Listene vert makulert etter 10 dagar.

Avlidne

13.03.2020 Henrik Langhelle f.1928
27.03.2020 Bjarne Leif Rambjørg f. 1942
30.03.2020 Mette Birkeland f.1964
24.04.2020 Lillian Frøyseth f.1936
01.05.2020 Ingolf Malfred Matre f.1922
07.05.2020 Ruth Solbakken f.1927
15.05.2020 Anders O. Toft f.1925

Retting frå sist Masfjordingen: Eilif Viggo Eriksen var født i 1945 (ikkje 1950 som vi skreiv).

Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

Kvelds- og døgnåpne hjelpetelefoner

- Akutt fare for liv og helse: 113
- Politiet: 112 - ved akutt hjelp og 2800 ved mindre alvorlige hendelser
- Nasjonal legevakt: 116 117 - Dette er et nasjonalt nummer som setter deg over til nærmeste legevakt i ditt område
- Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111
- Mental helse: 116 123
- Vold- og overgrepsslinjen: 116 006 er en hjelpeleinje for deg som opplever vold eller overgrep i nære relasjoner
- Kirkens SOS: 22 40 00 40
- Selvkading/selvmordsfare: 815 33 300 er en døgnåpen krisetelefon
- Røde kors hjelpetelefon: 800 33 331 (Åpent mellom kl. 14 og 22)
- Ungdomstelefonen for kjønn og seksualitet: 400 00 777 (Åpent søndag - torsdag fra kl. 18 til 22)
- Barnevernsvakta: 404 27 777

BARNAS SIDE

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gøynt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå blader.



Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 2208 71 00

VITSAR

- Pappa, kvifor gifta du deg med mamma?
- Fordi mor di er ei helt spesiell kvinne.
- Korleis då?
- Ho var den einaste som ville ha meg.
- Eg klarer ikkje å sove når eg har drukke kaffi!
- Så rart! Med meg er det omvendt: Eg klarer ikkje å drikke kaffi når eg sov.

Då du ikkje kunne kome til kyrkja, kunne kyrkja kome til deg



17. mai har tradisjonelt vore ein travel dag for kyrkja i Masfjorden, med festgudsteneste i ei av kyrkjene og festsamlingar i dei to andre kyrkjene. Det vart for nokre år sida gjort justeringar i dette, då ein valde å flytte gudstenesta i Frøyset frå kyrkja til sjukeheimen. Men kyrkja har vore eit godt synleg innslag i 17. mai-feiringa i alle delar av Masfjorden.

I år var ikkje dette mogleg, grunna smittevernrestriksjonar. Difor vart det bestemt at ein skulle lage ei ferdig 17. mai-gudsteneste på video, og leggje videoen ut på internett den 17. mai. Og slik vart det. I dagane før 17. mai vart det gjort opptak av ulike delar av gudstenesta i alle tre kyrkjene, og desse innsлага vart så i ettertid redigerte saman til ei gudsteneste. Denne vart så lagt ut på nettet om morgonen den 17. mai.

Kor mange som har sett gudstenesta, veit ein ikkje. Men videoen har vore opna 130 gongar, og ein veit at fleire stader i kommunen var fleire samla for å sjå gudstenesta i lag. Så det er grunn til å tru at videoen er blitt sett av minst like mange personar som elles ville møtt opp til dei ordinære 17. mai-gudstenestene.

Forarbeidet til gudstenesta involverte 35 personar med stort og smått. Sånn sett vart dette ein heller omfattande produksjon. Og det skal ikkje leggjast skjul på at arbeidet med å samle innsлага og redigere dei til ein film, var nokså arbeidskrevjande.

Men det ser ut til at alle involverte syntest det var kjekt og meiningsfullt å vere med. Så kan hende vert det laga ein og annan slik video i tida som kjem – kven veit?

Uansett: Alle som var med og bidrog til at vi fekk til å lage denne gudstenestevideoen, fortener ein stor og heilhjarta takk. Og med dette har dei fått det.

Rune Garmann
leiar i Masfjorden sokn

Del ei glede!

Koronakrisa har gjort at folk ikkje kan møtast slik som vanleg. For mange, og særleg dei eldre, kan kvardagen bli lang og einsam. Fire driftige damer på Kvingo hadde tenkt mykje på dette, og ønskte å bidra litt med det dei kunne.

-Ideen kom i påsken, seier initiativtakar Else Haugland. - Tenk kor kjekt det hadde vore å kunne medverka til eit lite lyspunkt i kvardagen, seier ho. - Me er vane med å ha ymse samlingar i bygda, mellom anna i Granneheimen, der me møtest til prat og mat, og har herlege stunder saman. Dei eldre er alltid så positive og takknemlege for at det vert lagt til rette for triveleg samver, og dei har så mykje å koma med.

-Eg tok kontakt med Gro Marit, Gunn og Anne Kari, og som tenkt- så gjort! Nokon baka lefser som vart delt opp i pakningar, andre laga personlege kort med helsing og dikt, og så reiste me rundt til alle mellom Einestrond og Hope som er fødd i 1940 eller tidlegare, i alt 19 husstandar. Smittevernreglane sette sjølvsgåt mange avgrensingar og gjorde at me ikkje kunne gå innom dørane, men det vart ein liten prat i døra, smil og latter, med ønskje om at ting vil ordna seg, og at me gler oss til den dagen me kan samlast igjen.

Det har nok vore glede og mange gode tankar rundt kaffimaten dagane etter dette.

-Gleda er gjensidig, avsluttar Else. Dei eldre sin energi og livsglede gir oss litt yngre pågangsmot og glede, og lyst til å leggja til rette for omsorg, samhald og gode stunder for dei som bur i bygda vår. Dette synest me var kjekt!

Tekst: Arbeidsgruppa



Ei litt annleis 17. mai-feiring 2020

I år foregjekk 17. mai-feiringa bygdevis på sørsida. Som alle veit var dette på grunn av det usynlege viruset. Dagen starta med at Sandnes skulemusikk marsjerte frå brua og bort til butikken på Sør-Kvingo, der dei hadde ein liten mini-konsert. I år sløyfa dei spelting rundt om på dei minste plassane, slik tradisjonen pleier å vera. For skulemusikken gjekk ferda vidare til Andvik og Sandnes for meir spelting og marsjering.

Sidan det i år ikkje kunne vera noko arrangement på Sandnes skule slik som vanleg, hadde gjengen på Snikkarbua pub & kafè stelt i stand ei markering av dagen, som begynte kl. 14. Markeringa begynte med at underteikna, i samarbeid med sin gode kompanjong Jon Martin Skauge, opna arrangementet med premiere på melodien «Att og att». Programmet heldt fram ved at Sofie Ekren på seks år song «Vestlandet»

av Vilde og Anna frå MGP junior, og «Akkurat nå» av Maj Britt Andersen. Det var utruleg flott å høyra på, og me kjem sikkert til å høyra meir frå ho i framtida. Vidare viste dei filmane som 17. maikomiteane, kommunen og gode hjelparar har laga i samband med 17. mai-feiringa. Så var det tid for mat. Rjomegraut, lapskaus, spekemat, is og brus stod på menyen. 17. mai-komiteen hadde sponsa fruktkorg, der ein skulle tippa vekta, og eit glas med karamellar der ein skulle tippa talet.

Om kvelden var eg innom på arrangementet som Berit på Sandneskafeen stelte til. Der var det ny matøkt for mette magar.

Etter ei vellukka 17. mai-feiring var det tid for å ta ferja bortatt til Hosteland.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Bjørn West – ein del av historia



Foto: Henning Wernøe

Historia om Bjørn West og hendingane som fann stad i Matrefjella i slutten av krigsåra er ein del av Noregs historie, og ein del av Masfjorden si historie. Det er også historia om kampen for fridom og likeverd, for dei verdiane som feiringa av 17. mai skal hjelpe oss til å halde høgt. Difor er det på sin plass å minnast Bjørn West på ein dag som denne.

Brevet etter Odd Narve Tindeland som fall i Matrefjella, berre 19 år gammal:

Hosanger, mandag 23/4-45.

Kjære mor og far, Halldis og Marit!

Om nokre timar tek eg ut på ei fårefull reis. Om eg nokon tid kjem att, veit eg ikkje. Difor skriv eg dette brev. –

Eg var ein tur oppetter liane i dag. Øvst oppe sette eg meg og såg utover.

Nedanfor breidde landet seg ut framfor meg. – Fjorden bukta seg innetter og utetter. Det lynte og glimta i bylgjene. Litt ned for meg høyrdé eg fuglelåt. Der eg var, stod ennå trea i knopp, men nedenfor liane var dei sprotne. Ljost grønt, imellom granas myrkare grøne.

Alt var så utifrå vent, som det berre kan vera ein vårdag.

Det har så lett for å bli berre ord når ein talar om landet sitt. Det er så vandt å seia noko nytt, noko treffande, noko som slær ned og som virkelig verkar. Det har så lett for å verta klisjar.

Eg torer likevel seia eg er glad i landet mitt, og når eg no reiser, er det fordi det treng meg – og mange andre.

Eg er glad i dykk alle, men landet fyst, så dykk.

Nordahl Grieg seier ein stad: "Skal noen kunne leve, må noen kunne dø".

Og om eg ikkje kjem attende, så er det avdi "noen må dø". – Me kan ikkje venta at Noreg skal sleppa så mykje billegare i frå dette enn alle andre land.

Når eg no har eit høve til å gi landet mitt noko, noko meir enn ord, ville eg aldri koma over det dersom eg sveik og ikkje gjorde mi plikt. –

Eg har hug til å leva vidare, eg er glad i livet, men ein har plikter mot livet. – Og når ein høyrer om redslene i Belsen og Buchenwald, – då har ein ikkje noko val lenger.

Eg vonar de vil forstå meg, om orda er noko fraselike no og då.

Ja, far vel då, alle saman; og ei hjarteleg helsing frå son og bror dykker

17. mai 2020 – eit attendeblikk

Feiringa av dagen vart nokså ulik dei tradisjonelle feiringane våre, med bygde- eller grendevise samlingar. For eigen del må eg seie at nettopp det å samlast og på denne måten vise at ein vil vere ein del av den store fellesskapen vår, er noko av det viktigaste med heile 17. mai-feiringa. Av den grunn synest eg det var trist at vi ikkje kunne få til det i år.

Men desto hyggelegare var det at 17. mai-komitéane på ulike vis fekk til å samle folk på andre måtar.

Ein av desse måtane var videodugnaden som dei inviterte til. Filmskapar Magne Sleire påtok seg arbeidet med å setje saman innslag frå bygdefolk til ein film for 17. mai i Masfjorden. Til tross for kort frist for innlevering av innslaga, hadde han eit råmateriale på meir enn 200 innslag då han gjekk i gang med arbeidet med å lage filmen. Og mange av desse innslaga krov stor deltaking – til dømes kan ein nemne dei om lag 20 personane som kledde seg opp i bunad og poserte for kamera oppe på Snaufjellet.

I skrivande stund er denne filmen sett innpå 1000 gongar. Også dei andre filmane som er blitt lagt ut, kan vise til gode sjåartal. Og tala vert venteleg noko høgare etter kvart - alle filmane vil også i framtida vere tilgjengelege via masfjordingen.no.

17. mai-komitéane skipa til ulike arrangement rundt om i bygdene og grendene våre. Sjølv deltok eg i bilkortesjen som vart arrangert i Nordbygda. Den gjekk frå Duesund ferjekai via Hosteland – Sleire – Frøyset til Risnes. Her var om lag 90 bilar med, og reknar ein at det var i snitt tre personar i kvar bil – eg trur det er eit forsiktig anslag – er det neppe så veldig feil å seie at kring 300 personar var med i kortesjen. Tel ein med dei som stod langs vegen og helste kortesjen, er det grunn til å anta at om lag halvparten av dei som bur i Nordbygda, på ein eller annan måte vart med på dette arrangementet.

Det var ei fin og hjartevarmande oppleving då folk kl.13:00 gjekk ut av bilane sine og song «Ja, vi elsker», akkompagnert av musikk på bilradioane sine. Så fekk vi ei fin markering av den store fellesskapen, trass alt.

Og no er denne 17. mai-en historie. Men det er ei historie som vi bør hugse. Av den grunn har 17. mai-komitéane invitert alle som feira 17. mai i Masfjorden, om å sende inn bilete frå eige feiring og frå dei arrangementa dei tok del i. Bileta kan



sendast som vedlegg i ein e-post til bilete@masfjorden.kommune.no.


Meir informasjon finn ein her: <https://www.masfjordingen.no/2020/05/minna-fra-denne-dagen-ma-vi-ta-godt-vare-pa/>

Og så får vi satse på at neste års 17. mai kan feirast i meir tradisjonelle former. For som Alf Strand skreiv det så fint i diktet han laga i høve 17. mai 2020 :

Me veit
kva me har mist
Me veit
kva me har

Rune Garmann

Indrefjorden



Nordbygda



Sørsida



Fjon Fjellkyrkje i coronatider

Fjon Fjellkyrkje ligg ikkje langt frå allfarveg – E39 – og likevel godt ‘for seg sjølv’ på Haukeland. Det hindrar ikkje at også Fjon har fått merke følgjene av coronanedstenginga.

- Korleis har coronatiltaka fått følgjer ved Fjon? Spørsmålet går til Knut Fr. Sørheim, styremedlem og ansvarleg for utleiga.

- Det første, var at vi måtte utsetje det årlege rådsmøtet, som skulle vore alt 17.mars. Det betyr ikkje så mykje, dette kan vi halde ein gong etter sommaren.

Meir synd er det at vi måtte avlyse gudstenesta skjærtorsdag, ei gudsteneste som har hatt sin plass kvart år heilt frå 1977 då tomten var utpeika. Det er også leit at det denne sommaren blir uråd å avvikle olsokstemnet som dei siste åra har samla mellom 120-150.

- Kva med andre sider av drifta – har de fått mange avbestillingar?

- Faktisk ikkje så mange, noko som har sin grunn i at vi denne våren dessverre hadde ein svak ‘ordrebok’ frå midt i mars og fram mot sommaren. Vanlegvis er det ganske tett med bestillingar, og då ville situasjonen vore ein annan. Men totalt betyr det at vi har eit halvår bak oss med betydeleg inntektstap. Litt avhengig av kva som skjer no siste månaden før sommaren, kan det bli på rundt 75 000 samanlikna med fjoråret. Av totalt årsbudsjett på rundt 300 000 er det ganske mykje.

- Får dette store følgjer for den vidare drifta?

- Men siktet på eit par større opprustingstiltak som var planlagt, hadde vi opparbeida oss ein viss kapital. Denne har vi no i stor grad måttा nyitta til dekning av faste kostnader som straum og forsikring, og har måttा leggje på is alle andre planar og vedlikehaldstiltak som kan vente. Det betyr sjølvsagt at det blir svært spennande korleis inntektene blir vidare utover hausten og vinteren. Dei som alt hadde bestilt før coronatida kom, har heldigvis ikkje avbestilt, og vi har begynt å få nokre nye bestillingar.

- Vil det vere trygt å bruke Fjon framover?

- Ja, så sant ein tek dei nødvendige og vanlege smitteverntiltak på alvor, vil det gå heilt fint, men det ansvaret er det kvar leidgetakar som må ta. I samråd med kommunelegen i Masfjorden, legg vi til rette så langt det let seg gjere, og sender ut dei faglege råd som er aktuelle. Men med tanke på avstandskrav, kan det hende at det for enkelte kan bli litt vansker med kapasiteten.

- Kva tenkjer du om framtida for Fjon?

- No har eg følgt verksemda ved Fjon gjennom snart førti år, og eg er imponert over kor mange ulike grupper og formål som har funne Fjon som veleigna stad. Det er ungdomsgrupper, samling for styrer og sokneråd, bibelskular og konfirmantar, kveldssamlingar og helgeopphold, familiesamvær og stad for merkedagar. Og økonomisk har det aldri vore vanskar etter at Fjon alt i 2004 vart gjeldfri. No er det berre å vone at mange ser denne fantastisk flotte staden og held fram med å bruke han like jamt som til no, og at vi framleis vil ha nokon som på vegne av soknene, som eig Fjon, er villige til å ta oppgåvane med drifta slik det gjennom alle desse åra er gjort på dugnad.



Pinsetid

Joh.14.26 Men talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.

Me har nett hatt pinse- den 3. av dei store høgtidene i kyrkjeåret. Det var først på 200-talet at kyrkja fekk si pinsefeiring. Som ein minnefest om Andens kome vart dagen og natuleg rekna som kyrkja sin fødselsdag. Men høgtidene i kyrkjeåret er ikkje berre minnefestar. Rett nok har dei ein bodskap om noko som er hendt, men det som hendte har noko å seia for oss og våre liv.

Det er vel likevel slik at pinsehøgtida er den mest «utydelege» høgtida for mange. Kanskje tenkjer ein seg pinsehendingane som «luftige» og lite livsnære? Men då har ein ikkje skjøna pinsebodskapen rett. For den handlar om at Jesus er framleis nær. Om me ikkje skjørnar så mykje av Andens gjerningar -det er heller ingen føresetnad- så er han verksam mellom oss. Andens fremste oppgåve er å føra Jesu gjerningar vidare, kalla menneske til tru, utrusta til teneste, gjera Jesus tydelegare -for berre å nemnda litt. «Sjelesorg som bærer» har nokon sett som overskrift på pinsedagsevangeliet. Jesus var oppteken av at han ikkje let lærersveinane vera att som foreldrelause born, men at han er verksam vidare gjennom Talsmannen.

På same måte som usynlege krefter vekkjer naturen til liv om våren, er Andens gjerning livsnerven i kyrkja og truslivet.

Pinsehøgtida har heller ikkje som mål å forklara Anden. Men den skulle heller vera ei påminning om Gudsrikest usynlege nærvær mellom oss. Noko me skal få rekna med og ta til oss av.

Høgtidsverset som me syng på pinsedagen formar det slik:

*Du loge av Guds kjærleiks-eld,
du himmelvisdom klåre
som ned på dine vitne fell,
lys opp i hjarto våre!
Om ordet ditt me samlast her,
vis oss at Kristi lovnad er
eit evig ja og amen!
Vår Frelsar som til himmels fór,
send Anden på ditt lovnadsord,
velsign oss alle saman!*
(Norsk Salmebok 228)

Harald Sundsbø
vikarprest

Rebus ved kyrkjene

På alle tre kyrkjene heng det ein rebus med spørsmål og aktivitetar som høver godt både for liten og stor- kanskje kjekkast å gjera saman med nokon.

På dei sju postane ikring kyrkja får du ein bokstav å hugsa på. Posten ved kyrkjegarden med oppgåve knytt til gravminne får du alle bokstavane som du kan stokka på for å finna løysingsordet. Send gjerne inn løysingsord med melding om kven (namn, skuleklasse) og kva kyrkje du er ved for å vera med i trekking om premie. Fint om du sender eit biletet me kan ha med i Masfjordingen (den vert også lagt ut på heimesida til kyrkja i Masfjorden.)

Tekst og foto: Helga Ekehaug, diakoni- og undervisningsleiar



Retting av skeive gravsteinar



Visst du har ansvaret for ei grav der gravsteinen er blitt skeiv, eller i verste fall står i fare for å dette ned kan du få hjelp av kyrkjegardsarbeidar Remi Kallekleiv til å få den rett og fin igjen. Dette kostar kr. 699,-. Ta kontakt med kyrkjeverja på e-post: kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no eller tlf 56 16 62 61 for å bestilla retting.



Remi minnar også om at plantar, busker mm. ikkje må være så store at dei dekker gravminne.

Treng du hjelp med å fjerne busker kan du ta kontakt med han på tlf. 941 43 716.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

Sommarjobb

Masfjorden sokn søker etter ein arbeidsam og nevenyttig sommarhjelp.

Hovudoppgåvane blir grasklipp og stell av dei 6 kyrkjegardarane våre.

Du må ha sertifikat kl B, disponere bil, og kunne kjøre med tilhengar.

Den me er på jakt etter har evner til å arbeide sjølvstendig. Er vant til å stå på for å få arbeidet unna, og er villig til å lære frå andre.

Er du interessert sender du ein søknad snarast til

kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no

For spørsmål ta kontakt med Eli Eidsnes på tlf. 906 13 515.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje



Masfjorden har fått sandvolleyballbane



Heilt sidan barndommen har me som initiativtakarar hatt ein stor glede i å spela volleyball. Vener vart samla saman og me spelte mange kampar på det som vart kalla "Mjanger Stadion". Ei lita fotballbane med grasdekke som også vart nytta til volleyballspeling på Mjanger.

Me hadde lenge ynskt oss ei skikkeleg sandvolleyballbane å spela på, men noko slikt var ikkje å finna i vår nærliek. Ein sumardag i 2016 tok me initiativet til å prøva å gjera noko med dette. Det enda med at me ville forsøkja å byggja den på leikeplassen i Skolten på Sør-Kvingo.

Me byrja arbeidet med oppmåling for å avklara om det i det heile tatt var mogleg på det arealet som var, me fekk samtykke frå grunneigarane i byggefeltet og ein byrja planlegginga av korleis bana skulle vera. Heldigvis var det laga ein nasjonal rettleiar for korleis ein kunne laga sandvolleyballbaner og denne vart flittig brukt i planleggingsfasen. Denne inneholdt mellom anna informasjon om storleik, mengde sand, drenering og fleire andre faktorar ein måtte ta høgde for.

Heilt frå byrjinga hadde me fokus på at me skulle ha ei bane som skulle vera bra. Me henta difor inn tips frå Norsk volleyballforbund på kvar ein kunne finna sand som var god til dette formålet. Det enda med at me skaffa oss dansk sandvolleyballsand frå eit firma i Rogaland.

I 2016 sokte me Gjensidigestiftelsen for støtte, men der fekk me ikkje noko. Masfjorden

commune ved Alf Strand kom inn og hjelpte oss med å søkja om spelemidlar for å få finansiert sandvolleyballbana.

I byrjinga var det Kvinge Helselag som var den formelle søkeren på prosjektet. Dei var veldig positive og ville hjelpe oss for å få til dette. Helselaget hadde likevel ikkje lov å søkja om spelemidlar tilknytt eit nærmiljøanlegg på grunn av kriteriet som spelemidlane hadde laga. Kvinge grendelag vart då redninga og dei stilte velvillig opp som søker.

Kvinge Helselag og Frode Haugsvær Maskin AS løyvde pengar til bana. Me sokte om spelemidlar i 2017 der søknaden var godkjend, men den vart ikkje prioritert høgt nok blant alle som hadde søkt. I juli 2018 var me heldige og fekk utteljing! Finansieringa var i boks og me hadde ein frist til å ferdigstilla prosjektet på 2 år.

Frå her og ut byrja hovudsakleg den fysiske delen av arbeidet. Då me fyrt kom på ideen hadde me ikkje tenkt at finansieringa skulle gå i boks akkurat same år som me to initiativtakarar begge vart fedre. Det vart andre tider der ein ikkje fekk like mykje tid til overs som ein elles ville hatt, men å gjennomføra det, det var me sikker på at me skulle greia.

Litt om litt gjekk prosjektet framover og fleire og fleire dugnadstimar vart det. Det vart nok fleire timer med arbeid på bana enn det ein hadde sett føre seg i byrjinga. Men dess større glede var det

då me i mai 2020 hadde fått ferdigstilt sandvolleyballbana, fått godkjenning frå Masfjorden kommune og opna bana. Dette hadde aldri vore mogleg utan velvillige personar som til dømes Atle Fjellby og Kjetil Fjellby som utførte mykje arbeid med gravemaskin på dognad. Me vil med dette takka spesielt for den jobben dei gjorde. Vidare ynskjer me også å takka alle som har vore med på dognad på bana.

No håpar me at så mange som mogleg finn glede i å bruka bana. Grunna koronapandemien vil det bli høgtideleg opning ved eit seinare høve. Me ynskjer å takka sponsorane som har bidratt for å få dette til:

Økonomiske midlar:
Norske spelemidlar
Kvinge Helselag
Frode Haugsvær Maskin AS

Utstyr/maskiner:
Atle Fjellby, Kjetil Fjellby, Harald Mjanger
Jan Ove Tepstad Kvingedal
Svein Gunnar Sivertsen, Sondre Mjanger

Helsing
Kristian Skjelanger Kvinge og
Sveinung Tveit Mjanger



Frivillige lag og organisasjoner kan søkja momskompensasjon

Frå i dag kan frivillige lag og organisasjoner søkja om momskompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet som skal fordele 1,685 milliardar kroner i momskompensasjon.

Søknadsfristen er 1. september, men fleire lag og organisasjoner må sende søknad via sentralleddet som ofte har frist tidlegare. Hugs at alle som søker må vere registrert i Frivilligregisteret.

Søknadsskjema og meir om ordninga finn du på www.lottstift.no

Tekst: Frank Kivnge



Det vert Bjørn West-marsj 2020

Rådet for Bjørn West-marsjen har glede av å kunngjera at det vert arrangert Bjørn West-marsj i år – for 38`de år på rad.

Datoen er 23. august.

Det er ekstra kjekt å kunne stadfeste at det vert marsj det året me markerer at det er 75 år sidan andre verdskrigen tok slutt.

I samråd med smittervernansvarlege i Masfjorden kommune har ein kome fram til rammer for arrangementet som gjer at det vert mogeleg å gjennomføra det i samsvar med FHI og regjeringa sine krav til smitteverntiltak.

Den store skilnaden frå eit normalår, er at det i år berre vert mogeleg med førehandspåmelding. Etter 15. juni er det opna for arrangement med opptil 200 deltakarar når ein har ansvarleg arrangør.

Dersom den positive utviklinga i høve tal smitta i Noreg held fram, er det mogeleg at max deltakarar på marsjen - kan verta auka. Kor mange det vert opna for, og korleis den vert arrangert, veit ein ikkje før FHI og regjering har kome med nye retningslinjer.




Det vil verta opna for førehandspåmelding når desse retningslinjene er på plass.
Bjørn West-marsjen tek etterhald om at marsjen kan verta avlyst dersom den nasjonale smittesituasjonen skulle forverra seg på seinsumaren.

Tekst: BW-marjsen



Ekstra gledeleg er det at Stordalen fjellstove no er opna igjen med nytt vertskap og klare for å ta i mot gjestar både under marsjen og elles i sommar.

No flyttar me inn i Fensfjordbygg



Etter ei hektisk tid for helse og omsorg med planlegging og førebuing er me no klare til å flytte inn i Fensfjordbygg.

Første dag i nye lokale vert mandag 8.juni.

Frå den dag må alle som har time eller avtalar møte her.

Dette gjeld helseavdelinga med alle tenester her, legekontoret, helvestasjon og jordmor.

Du finn oss i 1. etasje når du går inn hovudinngangen.

Åpningstid her vert frå 09.00 – 15:00.

NB! Legekontoret er stengd 5.juni pga. flytting.

Me vil gjerne gjera dykk merksam på at den kommunale fysioterapi og hjelpemiddelenesta vert fortsatt å finne i kjellaren på sjukeheimen.


I 2. etasje finn du psykisk helseteneste, heimenesta og forvaltningskontoret for helse og omsorg.

Her finn du og fysioterapeut Gro Baarøy, som alt er starta opp i nye lokale.

Alle tenestene har adresse Fensfjordvegen 615.

Tenestene har same telefonnummer som før, men Forvaltningskontoret for helse og omsorg vert no å treffa på tlf. 56 16 65 60.

Tekst: Elin Eikemo
leiar forvaltningskontoret for helse og omsorg



Velkommen til å møte oss i nye flotte lokale i Fensfjordbygg.

Sommarutstilling i Fargeriet



Korona- pandemien set dessverre ein stoppar for det meste på Sommarscena i år. Men det blir sommarutstilling i Fargeriet, og her har me vore så heldige å få tekstilkunstnar Marta Nerhus til å stilla ut. Marta Nerhus er frå Ølve i Kvinnherad, men bur no i Bergen. Marta har spesialisert seg på metalltråd som materiale.

« Eg tar oppunder tusen meter kopartråd, strikkar eit 0,7 x 10 meter stort nett, og så er det berre å begynna å jobba». Omtrent så enkelt får tekstilkunstnaren det til å høyrast ut når ho «teiknar»- som ho kallar det – i streng. Nerhus kan visa til ei imponerande lang liste over utstillingar og utsmykningsarbeid i inn- og utland.

«Eg jobbar med skjøre og sanselege skulpturar og teikningar i streng og metalltråd. Kjenner at materiale og teknikken eg har utvikla kan romma sårhet, poesi og styrke. Eg har størst energi i arbeidet når eg leitar etter uttrykk og form får å få fram forteljingar om saker som eg synest er viktige i samfunnet og kan visa noko om det å vera menneske i vår tid. Eg vil gjennom det

kunstneriske arbeidet mitt vera ei stemme i samfunnsdebatten, men mest av alt vil eg røra i dei innerste strengane våre, og håpar at me med kjensler og gjennkjenning kan opna oss, koma nærare.

I dei nye arbeida mine har eg jobba med farga metalltråd og brukar dei store strikka lengdene til å bygga store bilde for vegg. Tidlegare har eg jobba mest med patinert kopartråd i ein brunleg og svartaktig tone, og i lang tid med portrett og skikkelsar i ein politisk kontekst.

Denne gongen har eg jobba opnare og har hatt fokus på landskap og fjell. Kanskje fordi eg veit at både fjella og landskapet i Masfjorden og heime i Kvinnherad er truga av planar om gedigne vindturbinar.

Eg vil også visa installasjonen "Så lenge skuta kan gå" som består av hundrevis av små båtar. Den utvikla eg til utstillinga på Bryggens Museum i 2016-17, etter alle sterke inntrykk i media med forteljingar om flyktninger i skrøpelege båtar. Etter besøk i Masfjorden vart eg kjent med

Nothuset og båtsamlinga der og fekk forteljing om kor viktig fiske og sjøen har vore for bygda. Då vart det rett å ta med dette arbeidet. Installasjonen vert annleis og ny på tørkeloftet i Fargeriet.

På Sandneskafeen vil eg visa portrett, figurar og mindre arbeid. Alle arbeida både i Fargeriet og på kafeen er for sal.»

Utstillinga er open laurdagar 12-16 og søndagar 14-18 i periodane



- 6. juni- 5. juli
- 18.-19. juli
- 5. august-13. september

og elles etter avtale. Kontakt 97061230/ 97702476.

Opningstidene er samanfallande med opningstidene på Sandneskaféen, så her kan besök på utstillinga kombinerast med eit godt måltid.

Velkommen til ei vakker og heilt spesiell sommarutstilling. Enkel opningsseremoni laurdag 6. juni kl. 14.00 i Fargeriet og på Sandneskaféen ca. kl. 15.00.

Masfjorden kommune
Kultur



Fasteaksjonen

Gjennom fasteaksjonen i Masfjorden samla me nok peng til å gje 93 menneske reint vatn resten av livet!

Totalt 18.597 kr, i snitt 11,- per innbyggjar
På 52. plass av 199 kyrkjelydar i Vestland
På 377. plass av 1391 kyrkjelydar i Noreg.

På 21. plass av 199 kyrkjelydar i Vestland
På 106. plass av 1391 kyrkjelydar i Noreg

Me pleier å samla mellom 35.000 - 40.000 kroner, men i år var det fleire digitale aksjonar og mange har nok gavé utan at det vert registrert som kyrkja i Masfjorden sitt bidrag.

Tekst: Helga Ekehaug, trusopplærar



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Framlegg til kulturminneplan for Masfjorden kommune

Framlegg til kommunedelplan for kulturminneplan i Masfjorden kommune 2019-2027 skal handsamast i kommunestyret den 18. juni.

I samband med planarbeidet er det og laga ei verdivurdering med inndeling i tre klassar. Dei kulturminna som har fått høgast verdi ligg i klasse A.

Planen innheeld eit oversyn over mange typar kulturminne i heile Masfjorden, og det ligg føre eit framlegg til handlingsplan med forslag til ulike tiltak.

Tekst: Sveinung Toft, ass. rådmann

Me har teke med nokre utdrag frå planen:



«Omkring i Masfjorden står det bygg, anlegg og andre ting som har oppnådd ein høg alder – og som i meir eller mindre grad bær preg av det. Nokre har fått vedlikehald – andre ikkje. Mange er så redusert av tidens tann at dei nesten ikkje er til å finna igjen. Desse bygga og gjenstandane vart brukt i ei anna tid og gjerne på måtar som ikkje er like tenlege i dag. Likevel formidlar dei noko til oss – kunnskap om levd liv og verksemd – dei fortel vår historie. Dette er våre kulturminne.

Gamle ting i vårt nærmiljø kommuniserer med oss. Dei fortel oss noko om våre aner - om oss sjølv - om kven vi er og kor vi kom frå. Vi kjenner ei tilknyting.

I gamle ting finn vi også kunnskap om korleis vi løyste daglege utfordringar i «gamle dagar». Kanskje nyttige tips som framleis er nyttige?

Kong Harald V sa m.a. følgjande i sin nyttårstale for 2018:

«Landet vårt er fra gammelt av bygget på sterk vilje til overlevelse og selvstendighet Jeg tror naturen og historien vår har formet oss som folk.


Vi må ikke glemme historien vår - ellers kan vi komme til å skusle bort frihetene og fremskrittene vi møyso mmelig har opparbeidet.»»

Ein av dei kartlagte stadane i kulturminneplanen er
Storsethilleren/Matrehola

«Matrehola ligg under ein svær stein som kviler på to mindre steinar tett framfor det hengebratte berget. Han er 4-6 meter brei, kring 10 meter djup og opptil 2,30 meter høg. På tvers over golvet ved opninga vart det funne ein mur som har bidrøge til å gje ly.

Her er det gjort funn frå eldre jernalder som tyder på at helleren var brukt som fangststasjon. Funna viser at Storsethilleren også var i bruk i mellomalderen og i nyare tid.

Helleren fungerte truleg som stol for ein gard på Matre ein periode – ein konklusjon som byggjer på at kvinner har hatt tilhald her (jfr. funnmaterialet), og at ein framfor helleren oppdaga spor etter steingjerde og innhegningar.»



Framlegg til reguleringsplan for Matre næringsområde



3D illustrasjon av nye næringsbygg, visningssenter og brannstasjon sett fra E39 mot sør

Masfjorden kommune har fått utarbeidd framlegg til reguleringsplan for Matre næringsområde gnr 52 bnr 10 m.fl. Planen vil verta handsama i formannskapet sitt møte den 10.juni, og det er tilrådd at den vert sendt på høyring etter reglane i plan- og bygningslova.

Planoppstarten vart kunngjort den 21.02.2020, og det kom inn mange innspel til planen, som kommunen i samarbeid med konsultenselskap har nytta i det vidare arbeidet med å laga framlegg. Kommunen planlegg ope møte om planframlegget på Matre den 24 juni (endeleg dato er enno ikkje fastlagt).

Tekst: Sveinung Toft, ass.rådmann



Oppstart av reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes

Formannskapet i Masfjorden kommune har i møte den 27. april i sak 033/2020 gjort vedtak i medhald av plan- og bygningslova§ 12-8 om oppstart av reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes.

Hovudføremålet med planarbeidet er å sikre areal til ny daglegvarebutikk med naudsynt

infrastruktur. Planarbeidet vil og ta for seg parkeringsløysing, tilkomst og opphold for småbåtar og sikring av grønstruktur/friluftsområde med meir.

Vedlagde 3D- modell er laga av SH Oppmåling AS, og viser plasseringa av eit tenkt butikklokale på Storeskjeret.

Tekst: Sveinung Toft, ass.rådmann



Masfjordsprinten

Laurdag 11. juli 2020 går startskuddet for den 4. utgaven av Masfjords-Sprinten.

Som første året blir det i år eit midtsummarsarrangement. Kryss allereie av datoene i kalendaren, for dette er noko som er verdt å få med seg!

Sprint er ein kjent konkurranseform innan langrenn og blir i denne konkurransen overført til springing. Prinsippet er at det først blir avholdt prolog med individuellstart, der ein rykkjar vidare til kvartfinale, semifinale og tilslutt ein finale.

Påmelding frå 10:00 til 11:50

Sprintstart: 12:00

Påmeldingsavgift: 50 kr



Tekst: Fjon U.I.L

Bjørn West Triatlon

Bjørn West Triatlon 2020 vert arrangert laurdag 22. august

300m symjing- 15 km sykkel- 2 km løp
Ope for 8. klasse og oppover.

Ungdomsklassar (jente- og guteklasse), damer, herrar og stafettklasse der 2-3 personar kan fordele etappane.

Gåvepremiar
Hovudpremiar trekt på startnummer.

<https://www.facebook.com/BjornWestIL/>

Tekst: Bjørn West IL

Tre årskull med konfirmantar

Denne våren har vore uvanleg. Ingen konfirmantar har høgtidsamt gått inn kyrkjegolvet for å motta velsigninga frå Gud.

Konfirmantar i 2019

Me vil derimot nytta høve til å retta litt i blemma vår frå i fjar. Då var det konfirmasjonar i to av kyrkjene, men ikkje noko bilete av dei i Masfjordingen.

Solheim kyrkje



Bak f.v.: Joshua Aidan Jakes, André Haugsdal Asheim, Martin , Hope Aga, Eirik Dahle, Magnus Matre, Tobias Haugsvær
Framme f.v.: Josefine Oppedal, Mathilde Vågset Oppedal, Tone Marit Håland Dyrkolbotn (prest), Hanne Haugsdal Asheim, Vilde Matre.

Frøyset kyrkje:



Bak f.v.: Julia Malene Sletten Hansen, Andrea Birkeland-Sleire
Ida Tirill Molland Birkeland, Josefine Lunde Haugsdal
Kristine Johanne Sleire Tistel, Mathias Birkeland Hjartholm
Adrian Birkeland Haugland, Henri Ulvatn-Rasch
Framme f.v.: Tone Marit Håland Dyrkolbotn, Helga Ekehaug

Konfirmantar 2020

Årets konfirmasjonar er utsett til september. Sjå side 2 for detaljar.

Vonleg er det høve til å vera meir enn 50 personar på desse gudstenestene. Om du ikkje har høve til å vera med å feira dei unge sin konfirmasjon så send dei gjerne eit kort eller ei helsing på facebooksida til kyrkja. Liste over konfirmantane kjem i første utgåve til hausten.

Konfirmantar 2021

Desse vert presenterte i tre gudstenester laurdag 22. August. Sjå s. 2 for detlajar.

Går alt etter planen inviterer me tidligare konfirmantar til båt og bål samling ved Frøyset kyrkje fredag 21. august der me vil førebu presentasjonsgudstenestene. Me vonar at mange i kyrkjelyden kjem på desse gudstenesta for å ta vel i mot dette kullet med konfirmantar.

Søndag 23. august vert det Bjørn West marsj der me vonar at kyrkjelyden stiller opp, gjerne saman med dei presenterte konfirmantane og andre ungdomar.

Trusopplærar Helga Ekehaug

Fotokonkurranse: Sommarminne!

Kva blir ditt blinkskudd frå årets Noregsferie?
I år er det ikkje reiser i vide verda som tel, men dei nære ting.

Gå inn i din stue
hvor liten den er
så rommer den noe
ditt hjerte har kjær.
På ropet i skogen
skal ingen få svar,
finn veien tilbake
til det du har.

Den lykken du søker
bak blånende fjell,
kan hende du alltid
har eiet den selv.
Du skal ikke jage
i hvileløs ring,
men lær deg å elske
de nære ting.

Utdrag frå songen «De nære ting»
av Kurt Foss og Reidar Bøe
Kanskje oppmodinga om å feriera i
eige land kan minna oss om kva
som er viktig for oss.



Ta eit bilde frå eit av dine sommarminne og send det til arbeidsgruppa.

Innsendingsfrist er 24. august.
Beste biletet vert premiert med
framsideplass i Masfjordingen
og noko attåt.

Kontaktinformasjon til kyrkja

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Kontortid: måndag - torsdag
Tel: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tel 56 16 62 62, 911 93 612
e-post:
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar:
Harald Sundsbø
Tel: 95976864
e-post: h-sund@online.no

Presisering til framsidebildet 02.2020

Bassisten heiter Nikola Jåstad.

Kontaktinformasjon til kommunen

Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Stoff-frist for Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristen:

24. august, 5. oktober og 16. november

Noter desse datoane i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne biletet og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgauum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

Arbeidsgruppa for Masfjordingen:

Helga Ekehaug , Mary Hope, Frank Kvinge, Steinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Formgjeving:
Mary Hope og Helga Ekehaug